

Khalai snakkar med plantene

 Ursula Nafula

 Jesse Pietersen

 Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand

 2

 nynorsk 



Dette er Khalai. Ho er sju år gammal. Namnet hennar tyder «den gode» på språket hennar, lubukusu.



Khalai vaknar opp og snakkar med appelsintreet. «Ver så snill, appelsintre, veks deg stor og gje oss mange modne appelsinar.»



Khalai går til skulen. På vegen snakkar ho med graset. «Ver så snill, gras, veks grønare og ikkje tørk ut.»



Khalai går forbi ville blomar. «Ver så snill,
blomar, hald fram å blomstra så eg kan setja
blomar i håret.»



På skulen snakkar Khalai med treet midt i skulegarden. «Ver så snill, tre, voks ut store greiner så vi kan lesa under skuggen din.»



Khalai snakkar med hekken rundt skulen sin.
«Ver så snill, veks deg stor og stopp
uvedkomande frå å koma inn.»



Når Khalai kjem heim frå skulen, vitjar ho appelsintreet. «Er appelsinane dine modne enno?» spør Khalai.



«Appelsinane er enno grøne», sukkar Khalai.
«Vi sest i morgen, appelsintre», seier Khalai.
«Kanskje du har ein moden appelsin til meg
då!»



Global Storybooks

globalstorybooks.net

Khalai snakkar med plantene

✍ Ursula Nafula

✉ Jesse Pietersen

☞ Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand

